



Volda kommune

Møteprotokoll

Utval:	Fellesnemnda for nye Volda
Møtestad:	Volda rådhus, møterom Helgehornet
Dato:	18.06.2019
Tid:	Kl. 14:00- 17:10

Medlemmar som møtte	Representerer	Funksjon
Bente Tryggestad	Sp	medlem
Randi Langlo	Ap	medlem
Jørgen Amdam	Ap	nestleiar
Stig Olav Lødemel	H	leiar
Margrete Bjerkvik	KrF	medlem
Eldar Englund	SP	medlem
Sølvi Dimmen	SP	medlem
Odd A. Folkestad	UAV	medlem
Odd Harald Sundal	UAV	medlem
Odd Harald Sundal	UAV	medlem
Brynhild Lund Notøy	V	medlem

Andre som møtte

Rune Sjurgard – rådmann

Jarl Martin Møller – kommunalsjef teknisk sektor PS 26/19, PS 37/19 og PS 39/19

Lars Fjærvold – avdeleingsleiar vatn og avlaup PS 39/19

Roy Inge Heltne – brannsjef PS 38/19

Svein Berg-Rusten – helse- og omsorgssjef OS 40/19

Kari Mette Sundgot – økonomisjef OS 45/19 og PS 35/19

Berit Lyngstad – personalsjef PS 40/19, PS 41/19 og PS 42/19

Sonja Håvik - møtesekretær

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
32/19	Godkjenning av innkalling og sakliste	19/10931
43/19	Grenseprosess Ørsta Volda - oppnemning av forhandlingsnemnd	
33/19	Godkjenning av protokoll	19/10931
34/19	Orienteringar	19/10931
42/19	Referat frå møte vedrørende vertskommuneavtale NAV Ørsta og nye Volda kommune 03.06.2019	19/10816
39/19	Sunnmøre Kulturnæringshage - orientering om Smia Utvikling	19/10931
41/19	Folkevaltprogram	19/10624
40/19	Pasientsituasjonen i Volda	19/10931
43/19	Invitasjon til å svare på høyring om politidistriktets inndeling - GDE-struktur (Geografiske driftsenheter)	19/10208
45/19	Årsbudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023	19/10929
44/19	ROS-analyse av kommunesamanslåinga mellom Volda og Hornindal - revidert mars 2019	19/10817
35/19	Økonomirapportering prosjektmidlar - Mai 2019	19/10649
36/19	Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2020-2024. Stadfesting av planprogram	19/10360
37/19	Revidering av forskrift om renovasjon og slam – slutthandsaming	19/10877
38/19	Lokal forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg og gebyr for feiing og tilsyn av fyringsanlegg	19/10341
39/19	Forskrift for vann og avløpsgebyr i nye Volda kommune	19/10282
40/19	Arbeidsreglement for nye Volda	19/10120
41/19	Permisjonsreglement for nye Volda kommune	19/10120
42/19	Kompensasjon ved skifte av arbeidsstad i nye Volda	19/10120

Volda, 19.06.2019

Stig Olav Lødemel
ordfører Hornindal

32/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste, med tillegg frå prosjektleiar Rune Sjugard, vart godkjent utan merknad.

Behandling:

Sakliste:

Prosjektleiar Rune Sjugard bad om at oppnemning av forhandlingsnemnd for grenseprosess mellom Volda og Ørsta, vert sett på saklista.

43/19 Grenseprosess Ørsta Volda - oppnemning av forhandlingsnemnd

Vedtak:

Fellesnemnda vedtek slik Forhandlingsnemnd i samband med grenseprosess med Ørsta kommune:

Stig Olav Lødemel, Brynhild Lund Notøy og Sølvi Dimmen.

Behandling:

Fellesnemnda var samde om å opprette ei forhandlingsnemnd, som skal representere Volda kommune i ein grenseprosess med Ørsta kommune. Det var semje om tre medlemmer i nemnda.

Jørgen Amdam kom med framlegg om Stig Olav Lødemel som medlem.

Odd Harald Sundal kom med framlegg om Brynhild Lund Notøy som medlem.

Margrete Bjerkvik kom med framlegg om Sølvi Dimmen som medlem.

Røysing (10 røysteføre):

Framlegga frå Jørgen Amdam, Odd Harald Sundal og Margrete Bjerkvik vart samrøystes vedteke.

34/19 Orienteringar

Vedtak:

Orienteringssakene vart tekne til vitende.

42/19 Referat frå møte vedrørende vertskommuneavtale NAV Ørsta og nye Volda kommune 03.06.2019

Behandling:

Leiar for NAV Ørsta Volda, Monica Osvold, orienterte om samanslåingsprosessen mellom NAV kontora.

Spesialrådgjevar for innvandring og integrering Nina Kvalen informerte i saka.

39/19 Sunnmøre Kulturnæringshage - orientering om Smia Utvikling

Behandling:

Avdelingsleiar for Smia Utvikling, Oda Næs Skoglund, orienterte om prosjektet "Dørbankaksjonen i Hornindal".

Prosjektleiar Rune Sjurgard ynskjer eit arbeidsmøte til hausten der ein drøftar vidare framdrift i saka. Det er eit ynskje at leiar for fellesnemnda, prosjektleiar for kommunesamanslåinga, landbruksavdelinga og Sunnmøre kulturnæringshage deltek på møtet.

41/19 Folkevaltprogram

Behandling:

Folkevaltopplærninga vert halde på hotell Alexandra i Loen 7.-8. november 2019.

40/19 Pasientsituasjonen i Volda

Behandling:

Helse- og omsorgssjef Svein Berg-Rusten orienterte om pasientsituasjonen ved omsorgssenteret i Volda og planar om å kjøpe institusjonsplassar i Hornindal for utskrivningsklare pasientar, som Volda ikkje har kapasitet til å ta imot på Klokkarstova.

43/19 Invitasjon til å svare på høyring om politidistriktets inndeling - GDE-struktur (Geografiske driftsenheter)

45/19 Årsbudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023

Behandling:

Økonomisjef Kari Mette Sundgot orienterte om framdriftsplan for årsbudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023.

44/19 ROS-analyse av kommunesamanslåinga mellom Volda og Hornindal - revidert mars 2019

Behandling:

Kommunikasjonsrådgjevar Joakim Rødven orienterte.

35/19 Økonomirapportering prosjektmidler - Mai 2019

Vedtak:

Økonomirapport over prosjektmidler Nye Volda for mai 2019 vert teke til vitande.

Behandling:

Røysting (10 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

36/19 Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2020-2024. Stadfesting av planprogram

Vedtak:

Fellesnemnda godkjenner i medhald av plan- og bygningslova §§ 4-1 og 11-13 planprogram for kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, sist revidert 6.6.2019.

Behandling:

Jørgen Amdam kom med slik korrigering:

Problematisk figur 17. Fellesnemnda er ansvarleg, ikkje Volda kommunestyre - juster figuren

Røysting (10 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen, med korrigering frå Jørgen Amdam, vart samrøystes vedteken.

37/19 Revidering av forskrift om renovasjon og slam - slutthandsaming

Vedtak:

Fellesnemnda godkjenner revidert renovasjonsforskrift for Volda og Ørsta kommunar med dei justeringar som gjekk fram i sak 18/19.

Behandling:

Kommunalsjef teknisk sektor Jarl Martin Møller møtte.

Margrete Bjerkvik kom med slik protokolltilførsel:

Ta med kommentaren frå bondelaget om at matavfall blir levert i plastposar.

Røysting (10 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Rådmannen si tilråding:

Fellesnemnda godkjenner revidert renovasjonsforskrift for Volda og Ørsta kommunar med dei justeringar som gjekk fram i sak 18/19.

38/19 Lokal forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg og gebyr for feiing og tilsyn av fyringsanlegg

Vedtak:

Fellesnemnda vedtek å legge lokal forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg og gebyr for feiing og tilsyn av fyringsanlegg ut på høyring i 6 veker.

Behandling:

Kommunalsjef teknisk sektor Jarl Martin Møller og brannsjef Roy Inge Heltne møtte.

Administrasjonen kom med slik endring av tilrådinga:

Fellesnemnda vedtek å legge lokal forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg og gebyr for feiing og tilsyn av fyringsanlegg ut på høyring i 6 veker.

Røysting (10 røysteføre):

Revidert tilråding frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet vedtek lokal forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg, og fastsett gebyr for feiing og tilsyn av fyringsanlegg.

39/19 Forskrift for vann og avløpsgebyr i nye Volda kommune

Vedtak:

1. ***Fellesnemnda i nye Volda kommune vedtek og sende «forskrift for vann- og avløpsgebyr» på høring.***
2. ***Avdelinga for vatn og avløp kallar inn til open informasjonskveld for å orientere om dokumenta som er på høyring.***
3. ***Eininga for vatn og avløp startar arbeid med å kartlegge kostnadar knytt til overtaking av private stikkleidningar og kor grensesnittet mellom kommunal og privat leidning skal gå.***

Behandling:

Sakshandsamar Lars Fjærvold svara på spørsmål frå fellesnemnda. Kommunalsjef Jarl Martin Møller møtte.

Røysting (10 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

40/19 Arbeidsreglement for nye Volda

Vedtak:

- 1. Arbeidsreglementet som ligg vedlagt blir vedteken som gyldig for nye Volda kommune frå 01.01.2020**
- 2. Framtidige revisjonar skal vedtakast i Administrasjonsutvalet**
- 3. Rådmannen, eller den har delegerer til, blir bedt om å syte for jamleg revisjon.**

Behandling:

Personalsjef Berit Lyngstad møtte.

Røysting (10 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

41/19 Permisjonsreglement for nye Volda kommune

Vedtak:

- 1. Permisjonsreglementet som ligg vedlagt blir vedteken som gyldig for nye Volda kommune frå 01.01.2020**
- 2. Framtidige revisjonar skal vedtakast i Administrasjonsutvalet**
- 3. Rådmannen, eller den har delegerer til, blir bedt om å syte for jamleg revisjon.**

Behandling:

Personalsjef Berit Lyngstad møtte.

Røysting (10 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

42/19 Kompensasjon ved skifte av arbeidsstad i nye Volda

Vedtak:

- 1. Tilsette som på grunn av kommunesamanslåinga får endra arbeidsstad/oppmøtestad, får ein kompensasjon for a) auka reiseutgifter eller b) auka arbeidstid. Den tilsette må vele mellom alternativ a og b.**
- 2. Tilsette som får meir enn 20 kilometer lengre reiseveg kvar veg kan få ein kompensasjon på opp til 25 000 kroner pr. år.**

- 3. Tilsette som får meir enn 15 minutt lengre reiseveg kvar veg, kan få denne auken lagt inn i arbeidstida.**
- 4. Den tilsette må søkje om slik kompensasjon**
- 5. Ordninga er tidsavgrensa og varar frå 01.01.2020 til 31.12.2021.**

Behandling:

Personalsjef Berit Lyngstad møtte.

Jørgen Amdam foreslo slik presisering i punkt 2 og 3, presiseringa vart reist som eit fellesframlegg:

2. Tilsette som får meir enn 20 kilometer lengre reiseveg **kvar veg** kan få ein kompensasjon på opp til 25 000 kroner pr. år.
3. Tilsette som får meir enn 15 minutt lengre reiseveg **kvar veg**, kan få denne auken lagt inn i arbeidstida.

Røysting (10 røysteføre)Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Rådmannen si tilråding:

1. *Tilsette som på grunn av kommunesamanslåinga får endra arbeidsstad/oppmøtestad, får ein kompensasjon for a) auka reiseutgifter eller b) auka arbeidstid. Den tilsette må vele mellom alternativ a og b.*
2. *Tilsette som får meir enn 20 kilometer lengre reiseveg kan få ein kompensasjon på opp til 25 000 kroner pr. år.*
3. *Tilsette som får meir enn 15 minutt lengre reiseveg, kan få denne auken lagt inn i arbeidstida*
4. *Den tilsette må søkje om slik kompensasjon*
5. *Ordninga er tidsavgrensa og varar frå 01.01.2020 til 31.12.2021.*